























M U
H O

MUSEUMSSENTERET
I HORDALAND

Årsmelding 2021



HER FINN DU OSS:




HEILSKAPLEGE OG EKSKLUSIVE KUNNSKAPSOPPLEVINGAR

Museum for levande kultur- og naturarv, industriarv og kompetansmiljø for bevaring. Spyspissane Levande natur- og kulturarv, Industriarv, Migrasjon og mangfald og Bevaring er dei tematikane som definerer oss som museum. Dei beskriv det som er unikt og viktig for oss, vårt DNA og det som bind oss saman og gjev retning til vårt arbeid. Musea er lokaliserte i Bergen, Osterøy og Alver. MUHO forvaltar det freda nasjonale teknisk - industrielle kulturminnet, Salhus Tricotagefabrik, det freda nasjonale kulturlandskapet, Havrå, og vi har ansvar for dei verna kystlyngheiene på Lygra. Osterøy museum og Vestnorsk utvandringssenter har omfattande samlingar av museumsbygg og gjenstandar kor forvaltning av immateriell kulturarv og migrasjon i eit heilskapleg perspektiv, har fokus. Kulturminna vert forvalta gjennom bruk og skjøtsel og med høg fokus på handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. MUHO driv fellesmagasin, tilbyr konserveringstenester av høgaste faglege kvalitet og tilbyr musea i Vestland råd og rettleiing innan bevaring og forvaltning av gjenstandar.

MUHO skal vere eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Dette ligg til grunn for planane og arbeidet som utførast gjennom formidling av kunnskapen på våre museum og gjennom samarbeidsprosjekt, utstillingar, deltaking i forskingsprosjekt, debattar og publiseringar.

MUHO tilbyr heilskaplege og eksklusive kunnskapsopplevningar prega av høg kvalitet med engasjerte og kunnskapsrike tilsette. Hos oss opplever ein ikkje berre unike kulturminne og kulturmiljø, men vi er levande destinasjonar kor dei besøkande kan sjå kunnskap brukt i drifta av anlegget, dei kan boltre seg i utandørs miljøa, her er det nok plass til heile familien og ein kan bruke god tid både i utstillingane og i kafeane med utsikt til fjorden eller lyngheiane.



INNHALD

1. INNLEIING	4
2. NØKKELTAL	5
3. ORGANISASJON	6
4. STYRET	6
5. PERSONALE	7
6. ØKONOMI	8
7. FORVALTING	9
7.1 SAMLINGSFORVALTING	
DIGITALISERING	9
GJENSTANDAR OG FOTO	
KULTURLANDSKAP	
7.2 IMMATERIELL KULTURARV	10
7.3 BYGG OG ANLEGG//RIKSANTIKVAREN/ BYGNINGSVERN	
7.4 FELLESTENESTER FOR MUSEA I HORDALAND	
8. FORMIDLING	11
MÅLGRUPPEARBEID	
DIGITAL FORMIDLING	
9. FORSKING	13
PUBLIKASJONAR	
10. FORNYING	14
11. MUHO SOM SAMFUNNSAKTØR	15
12. MANGFALD OG INKLUDERING	16
13. FRIVILLIG ARBEID	16
14. ÅRSREKNESKAP	17
15. REVISJON	19
16. MELDING FRÅ STYRET	21
17. DETTE ER MUHO	22





Bevaringstenestene i arbeid

1. Innleiing

2021 har stått i pandemiens teikn med stenging, redusert aktivitet og økonomiske utfordringar. Som organisasjon har vi stått noko betre rusta til å takle ein krevjande arbeidssituasjon med stadig endra rammeføresetnader, enn då pandemien først råka.

Pandemien må karakteriserast som ei gjennomgripande krise for museet, sjølv om situasjonen òg har gitt auka fokus på bruk av digitale løysingar, digital formidling og ein imponerande endringsevne og -vilje. Tidleg i året blei museet ramma av ei anna krise, då det blei gjort større asbestfunn i fabrikkbygningane i Salhus Tricotagefabrik. Etter ei omfattande kartlegging blei Tekstilindustrimuseet stengt samstundes som eit stort saneringsprosjekt blei planlagt og utført. I tråd med prosedyrar knytt til asbest, kravde situasjonen eit omfattande HMS-arbeid og mykje ekstra arbeid med å handtere dei konterminerte samlingane. Museet kunne opne dørene for publikum og tilsette i august, og områda kor det framleis er asbest er sikra og avstengd.

På tampen av året treffe nok ei krise, då prisane på straum mangedobla seg, og belasta eit allereie stramt driftsbudsjett med høgare kostnader. Straumpriskrisa har og sett fart i samfunnsdebatten kring areal- og ressursutnytting, og kva løysingar vi skal satse på i framtida. Klimakrisa og naturkrisa er uløyselige

knytt til kvarandre. På mange måtar er klimakrisa eit av symptoma på naturkrisa, og naturkrisa er utløyst av menneska sitt overforbruk av naturressursar. Desse høgaktuelle problemstillingane er sentrale i arbeidet ved fleire av avdelingane i MUHO, og ligg til grunn for arbeidet med å utforme planar for ny utstilling og bygg på Lyngheisenteret, som skal stå ferdig i 2025. Premissane for planane om nytt fellesmagasin er òg tufta på kunnskap om kor viktig rett bruk av ressursar vil vere i framtida. MUHO har forska og bidratt til forskning kring naturtypar og deira evne til klimatilpassing med tradisjonelle metodar. Kompetansen og kunnskapen vår blei aktualisert i samband med lyngbrannane på Sotra og viser kor viktig det er å ha med seg kunnskapen om tradisjonelle metodar og drift inn i framtidsløysingane. Mykje av dette er spelt inn under temaet berekraft i den nye kulturplanen for Vestland fylke.

MUHO har vorte sertifisert som Miljøfyrtårn, ein status som legg grunnlag for å jobbe endå meir målretta med eigne miljø- og klimatililtak innan energieffektivisering, opprusting av bygg og reduksjon av eige klimaavtrykk.

I 2021 har vi lagt grunnlaget for strategiarbeidet fram mot 2027 og sett i arbeid store og små prosjekt som skal bidra til at vi utviklar oss i tråd med måla våre og premissane som ligg i Museumsmeldinga.



Utstillinga Førestilling av Nina Bang Larsen.
Foto: Thor Brødreskift


2. Nøkkeltal

Besøket på musea i MUHO har haldt seg stabilt over fleire år. Grunna restriksjonar knytt til koronapandemien og asbestfunn har vi hatt lange periodar med påbod om stenging og/eller avgrensa aktivitet også i 2021. Sjølv om besøkstalet er noko betra i høve 2020 er det framleis eit stykke igjen før vi når nivået før pandemien.

	2021	2020	2019	2018
<i>Tal på besøk</i>	15 945	9 578	27 788	28 903
<i>Årsresultat*</i>	950	2 266	1 103	-356
<i>Eigenkapital*</i>	24 776	23 826	21 560	20 457
<i>Faste tilsette</i>	52	45	43	45
<i>Kulturhistoriske bygningar</i>	103	103	104	104
<i>Gjenstandar</i>	40 609	40 357	40 230	40 096
<i>Foto</i>	17763	17 741	17 658	16 242
<i>Kulturlandskap (dekar)</i>	3 580	3 580	3 580	3 580
<i>Årsverk (faste)</i>	41,7	34,7	35,8	35,8
<i>Tal årsoppg. til lønsmottakar</i>	110	100	122	127
<i>Sjukefråvær</i>	5,45%	6,25 %	7,5 %	1,56 %

* Tal i tusen kr

3. Organisasjon



STRATEGIARBEID

I kjølvatnet av ny museumsmelding har vi utarbeidd ny strategiplan 2022-2027. Arbeidet er basert på planen frå 2020-2021 og føringar frå styret. Vi har jobba vidare med prosjekt og tiltak knytt til dei fire måla i planen. Arbeidet har vore organisert i prosjektgrupper. Mykje av prosjektarbeidet har vore utført digitalt grunna restriksjonar.

4. Styret

Styremedlem		Oppnemnt av
Sara Hamre Sekkingstad – styreleiar	(vara: Kjetil Eikefet)	Kommunane i Nordhordland
Geir Steinar Dale – nestleiar	(vara: Inger Lise Skarstein)	Bergen kommune
Frank Willy Djuvik	(vara: Kristina Vakt skjold Hamre)	Vestland fylkeskommune
Jorunn Tvedt	(vara: Karl Vågstøl)	Vestland fylkeskommune
Tone Hellesund	(vara: Åslaug Ommundsen)	Universitetet i Bergen
Nikolai Rypdal Tallaksen	(vara: Roy Henrik Eriksen)	Tilsette



Foto: Thor Brødreskift

Frå Utstillinga Ferd i Galleri Salhus/Tekstilindustrimuseet

5. Personale

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 52 faste tilsette i 41,73 årsverk. I tillegg var det 4 fast tilknytt MUHO i lengre vikariat eller prosjektstillingar. Nokre faste tilsette gjekk òg i lengre vikariat i tillegg, og vikariat og prosjektstillingane utgjorde til saman om lag 2,7 årsverk. 29,8% av dei tilsette er menn, 71,1% er kvinner. Regnet i årsverk har vi 29,6 for kvinner og 13,8 for menn. I tillegg har vi hatt 30 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 41,44 faktiske årsverk i 2021. Avviket i årsverk skuldast i hovudsak ein del tilsette i permisjonar og langtidssjukmelde som ikkje har vore (fullt) erstatta. I eit normalår hadde det vore fleire sesongtilsette. Styret har 6 medlemmer: 3 kvinner og 3 menn.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

MUHO er ei IA-verksemd og legg til rette for arbeidstrening og praksisplassar for personar frå NAV der det er mogleg. Gjennom året har det vore fleire personar innom på ulike tiltak i fleire avdelingar. MUHO hadde avtale med Volvat om helsekontroll for alle tilsette. Alle fast tilsette fekk tilbod om helsekontroll hos Volvat i løpet av 1. kvartal 2021. Dei fleste nytta seg av tilbodet. Det var gjort ein kartlegging av opplevd nytteverdi av tilbodet. Opplevd nytteverdi er relativt høg, likevel var det berre svært få som har nytta tilbodet utover den generelle kontrollen.

Vi har hatt tre møte i AMU i løpet av året. I tillegg hadde vi fire samrådsmøte (partssamansett utval).

HMT-MÅLA VÅRE FOR 2021 VAR:

- Skape eit godt arbeidsmiljø ved å bruke av STAMI's verktøy for områda organisering, engasjement, anerkjenning, leing og forutsigbarheit.
- Ha fokus på aktivitetar og prosesser som bidrar til fellesskap i MUHO.
- Identifisere bruken av og eksponering for helse- og miljøfarlege stoff i hele MUHO, og lage tiltaksplan for handtering av dette.

Vi har hatt fokus på arbeidsmiljø for trivsel og samhald, og jobba med dette ved å nytte STAMI sitt verktøy i avdelingane. Vi har og hatt eit særskilt blikk på dei utfordringane og endringane som kom med koronasituasjonen, med utvida bruk av heimekontor, meir uvisse, endringar i oppgåver med meir.

Sjukefråværet i 2021 var 5,45%, ein nedgang frå 6,25% i 2020. Det har vore ei alvorleg arbeidsulukke i 2021, der ein ekstern arbeidstakar var involvert.

Det årlege kurset i bruk av hjartestartar og førstehjelp vart forsøkt gjennomført fleire gonger, men måtte avlysast på grunn av restriksjonar og stenging knytt til Covid-19.



Bevaringstenestene reingjer skulpturer

6. Økonomi

Årsrekneskapen til Stiftinga Museumssenteret i Hordaland er avlagt etter rekneskapslova sine reglar for små føretak og under føresetnad om fortsett drift. Årsresultatet for 2021 syner eit overskot på 950 002 kr. MUHO har store oppgåver knytt til utvikling og oppgradering.

Det er utfordrande å få drifta i balanse. Difor har vi også i år hatt innsparingar på variabel løn gjennom sesongen.

Det vart i 2021 oppdaga asbest i anlegget til Tekstilindustrimuseet. Saneringsarbeidet som er utført hadde ein kostnad på om lag 2 mill. som vart dekkja av ekstra tilskot frå Vestland fylkeskommune, Stiftelsen UNI og eigne midlar.

I 2021 utgjorde løns- og pensjonskostnadene 67,3% av totale driftskostnader. Pensjonskostnadene åleine utgjorde 8,15%. Om reguleringa av årleg driftstilskot følgjer same utviklinga som dei siste 5 åra, vil driftstilskotet dekke omlag 1 mill. mindre i 2024. Dette er bekymringsfullt. Frå 2021 har vi vore knytt til Forsikra Tenestepensjon Virke (tilsette under 52 år). Dette vil gje meir føreseielege pensjonskostnader.

I 2021 hadde vi eigeninntekter på 12,7% av dei totale inntektene, ein liten oppgang frå 11,9% i 2020. Billettsal og sal frå kafé og museumsbutikk er auka med 117% frå 2020. Dette er framleis under nivået frå 2019 og skuldast stenging grunna Covid19 og asbestfunn på Tekstilindustrimuseet. Trass i låge eigeninntekter, er vi godt nøgd med oppnådd resultat i 2021. I Plan for eigeninntening 2018–2025

har vi eit mål om å nå 20% innan 2025. Dette meiner vi framleis er realistisk. Vi har sett konkrete mål for nivå på eigeninntekter både i 2022 og 2023, m.a. ved utvikling av museumsbutikkane og nettbutikk, sal av kurs og tenester for m.a. statsforvaltar, andre museum, Statsbygg, KORO, kyrkjer og private kundar. Vi har tatt organisatoriske grep for å nå desse måla.

Likviditeten er tilfredsstillande. Det er avsett 1,3 mill. til framtidig vedlikehald av bygg. Det er store behov for framtidige oppgraderingar og tiltak som krev store investeringar.



Raggsockkane frå TIM er populære i nettbutikken

7. Forvaltning

Musea sitt fremste samfunnsoppdrag er å forvalte materielle og ikkje-materielle kulturminne og sikre framtidige kunnskapskjelder. Den nye samlingsplanen for MUHO 2021-23 omfattar dei samlingane museet eig, eller har ansvar for å forvalte. Gjennomtenkt og berekraftig forvaltning av samlingane er ein føresetnad for formidling og forskning i museet, og innhaldet i samlingsplanen må sjåast i samanheng med MUHO sine planar for formidling, forskning og utvikling. MUHO har stor tematisk og typologisk breidde i samlingane, og i oppgåvene knytt til feltet samlingsforvaltning.

7.1 SAMLINGSFORVALTING

I 2021 har vi hatt eit spesielt fokus på å auke talet på digitaliserte gjenstandar, rutinar for avhending, prioritering i gjenstands- og bygningssamlingar og gjennomgang av primærprosedyrane i SPECTRUM.

DIGITALISERING

Vi har hatt fokus på digitalisering av samlingane, spesielt gjenstandsregistreringar utan foto i løpet av året. Dette har gitt ein framgang over gjennomsnittet dei siste åra på digitalisering og tilgjengeleggjering av gjenstandar. Førebuing til digitalisering krev også revisjon av tidlegare registreringar, omorganisering av magasin og pakking. Dette er med på å gje betre oversyn og tilgang til samlingane, og slik sett også betre oppbevaringsforhold. Landskap, bygg og kulturminne på Havrå er blitt digitalisert i 3D. Det er lagt inn store mengder dokumentasjon i verktøyet ArcGIS i løpet av året.

GJENSTANDAR OG FOTO

Det er gjennomført to Re-Org prosjekt i 2021, eitt internt og eitt eksternt. Vi har utført omorganisering av eit magasin inkl. revisjon av registreringar.

Museet har hatt noko tilvekst i løpet av året, alt i tråd med samlingsplanen. Vi har arbeidd med eit større avhendingscase, som dannar grunnlag for felles avhendingsrutinar og blir ein del av samlingsplanen. Re-Org-prosjektet på Vestnorsk utvandringssenter har gjeve betre oversikt, og skal danne grunnlag for innsamlingsstrategi og prioritering i denne samlinga. I samarbeid med eigarstiftingane blir det viktig å avklare moglegheitene til avhending og avtalefesting av rettigheter for samlingane.

KULTURLANDSKAP

MUHO er det einaste museet i Noreg med to autentiske gardar som har produsert mat og virke i over tusen år og framleis er i drift. Vi forvaltar nasjonal kompetanse knytt til tradisjonell drift og forvaltning av kysten sitt kulturlandskap; lyngheiene på Lyngheiseret og det freda kulturlandskapet Havrå, som også har plass på den eksklusive lista over UKL (Utvalde kulturlandskap). Vi har mykje kunnskap, dokumentasjon og forskning om den tradisjonelle drifta, og målet er å halde landskapa i hevd tufta på denne kunnskapen, og drive vern gjennom bruk.

For å ivareta samlingane og fleire raudlista artar, har vi også i år drive aktiv drift med tradisjonelle metodar; skjøtsel gjennom



Dokumentasjon av pelsdyrnæringa



Samlingsforvaltning og plantefarging på Osterøy museum



slått, beiting med gamalnorsk sau og vestlandsk fjordfe/raudkolle, brenning og slått av lyng, rydding av kratt og skog, restaurering av teigar i haustingsskogen og slåttemarka, arbeid på lad og steingardar. Den heilskaplege kunnskapen om ressursforvaltning i dei gamle driftsmåtane, er tett knytt opp til og relevant for dagens miljøutfordringar.

Alle mål som er satt for skjøtsel og restaurering av kulturlandskapet knytt til dei fem driftsområda til garden Havrå, er nådd. Det er gjennomført 10-dagers internkurs med tradisjonsutøvar knytt til reiskapskultur. Samarbeid med grunneigarane om fellestiltak er identifisert (gjerding, restaurering av utmarka knytt til gran, vegen mellom Havrå og Blom). Nye beiteavtalar for sau og storfe (gjeld Markjæ og nedom fylkesvegen) er ferdigstilte og godkjente. Frå sikringsplanen er tiltak knytt til høgdebassenget ferdig.

Kartgrunnlag og registreringar er gjort for ny skjøtelsesplan for kystlyngheia. Det er i denne samanhengen igangsett arbeid med dokumentasjon av kulturlandskapet på Lygra i samarbeid med Norsk institutt for naturforskning og Miljødirektoratet. Landskapet på Lyngheiseret er arena for igangsette og nye forskingsprosjekt.

7.2 IMMATERIELL KULTURARV

Immateriell kulturarv (IKA) i MUHO er ein integrert del av forvaltninga av dei levande samlingane på Havrå og Lygra, som er avhengige av skjøtsel og praktisk arbeid. MUHO har difor høgt fokus på å sikre kunnskap hos eigne tilsette om forvaltning og bevaring. Utfordringa er å sikre kvalifisert arbeidskraft til praktisk skjøtsel og vidareføring av kunnskapen, då dette ofte er spesialkunnskap knytt til få personar. Andre prioriterte felt innan IKA i MUHO er tekstilhandverk (oppstadvev), produksjon av tresko (småindustri), bruk av lokale råstoff til mat, bygningshandverk og vedlikehald og bruk av maskiner i Salhus Tricotagefabrik.



Istandsetting av Førlandshuset i Austrheim kommune.

I 2021 har vi dokumentert handlingsboren kunnskap knytt til dokumentasjon av brakakledning, åkletradisjonar, arbeidsåret på ein pelsdyrfarm og tekstilhandverkar sitt arbeid. Formidling er ein føresetnad for å sikre handlingsboren kunnskap, og i 2021 kunne vi òg tilby fordjupande kurs til ungdom som ein del av sommarskolen. Det er etablert fast samarbeid med Kunsthøgskulen og UiB/høgskulestudiet på Vestnorsk kulturakademi om studiemodular innan tekstilkunnskap. Den stadeigne reiskapskulturen er dagleg i bruk i skjøtelsesarbeidet i kulturlandskapa. Vi held årlege kurs i å lage reiskapar til bruk i arbeidet og 4-vekers slåttekurs for ungdom. Arbeidet med ny strategi for å sikre sårbar kunnskap om samlingane i museet skal vidareførast i 2022.

7.3 BYGG OG ANLEGG/ BYGNINGSVERN

Det er ei målsetting at alle bygningar i MUHO skal vere i god stand. For å nå dette målet må vi ha god oversikt over tilstand og tiltaksbehov for kvar enkelt bygning, slik at det blir gjort rette prioriteringar både m.o.t søknadar og planar. For å få betre oversikt og betre forvaltning av bygningsmassen har vi registrert all basisinformasjon i Primusbygg. Arbeidet vil halde fram i 2022.

Av totalt 103 kulturhistoriske bygg som er registrert i Primusbasen, er 30 bygningar no tilgjengelege i Digitalt Museum. Det er utført fleire prioriterte tiltak frå sikringsplanen til Salhus Tricotagefabrik, men asbestfunna i store delar av fabrikanlegget gjorde gjennomføringa av nokre av tiltaka vanskeleg. Av andre større vedlikehaldsprosjekt kan vi nemne Emigrantkyrkja på Sletta og infobygget på Lyngheiseret som har fått nye tak i 2021.

STATUS BYGG PER 31.12.2021:

TG 0: Ingen symptom	0
TG 1: Svake symptom	33
TG 2: Vesentlege symptom	62
TG 3: Kraftige/alvorlege symptom	8

7.4 FELLESTENESTER FOR MUSEA I HORDALAND

Vi har styrka samlingsforvaltninga til musea i Vestland basert på auken i tilskotet frå Vestland fylkeskommune (VLFK). Vi har førebels ikkje fått auke i tilskot til dette arbeidet frå Kulturdepartementet og Bergen kommune.

Vi har over lang tid arbeidd strategisk opp mot fylkestinget i VLFK om å få gjennomslag for bygging av nytt fellesmagasin for musea i Vestland. I desember 2021 gjorde Fylkestinget vedtak om å gå vidare med ytterlegare utgreiing om prosjektet.

Bevaringstenestene har arbeidd saman med dei tilsette i musea for å forbetre tilhøva til samlingane både på magasin og i utstillingar. Vi har mellom anna gjennomført eit større Re-Org prosjekt i magasinet på Hardanger folkemuseum for å betre tilhøva. Konservatorane har reingjort spesielle gjenstandar og interiør og gjeve råd. Det vart i år flytta 778 gjenstandar inn i fellesmagasinet. Gjenstandane vart tilstandsvurdert, fotografert og pakka for magasin av konservatorane på Bevaringstenestene.



Direktesendt podcast og kafeen under Bergen Strikkfestival



Veving på opstadvev i samband med Borgund-prosjektet



Steike stompekaker.

8. Formidling

Ny formidlingsplan 2022-2027 er utarbeidd. Planen har fokus på å sikre eit heilskapleg tilbod, og at vi skal rette oss mot definerte målgrupper. Vi utvikla nytt pedagogisk tilbod retta mot ungdoms- og vidaregåande skular; «Escape-Box» bygd på FN sitt berekraftsmål nr. 12. Det er starta opp arbeid med nytt digitalt undervisningstilbod til ungdom med utgangspunkt i kulturbiologisk mangfald der målet er å auke elevane sin kompetanse til å sjå samanhengen mellom berekraft, forbruk og fordeling av ressursar. Sommarskule for barn har vore eit vellukka arrangement. Vi tilbyr nye undervisningstilbod til høgskule og universitet, og vi har formidla vår kunnskap gjennom foredrag, kurs, reportasjar og intervju i media (radio og tv). Kursa har omhandla mellom anna bevaring av plastgjenstandar i samlingane, tekstile teknikkar og den tradisjonelle tekstil- og materialkunnskapen og gamle driftsmetodar.

Ny SOME-plan med retningslinjer for strategi og publisering er på plass.

Vi har arbeidd med å utvikle bakgrunnsmateriale til nye utstillingar og ferdigstilt prosjektplanen for nytt bygg og utstilling av «Naturrom Lygra». MUHO har i 2021 vist totalt 25 utstillingar og vi har hatt stort fokus på å profesjonalisere dette feltet. Galleri Salhus har vist 4 utstillingar med anerkjente tekstilkunstnarar som har vakt positiv merksemd hos Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthåndverk.

Med grunnlag i samarbeide mellom Osterøy museum, Havrå og kunstnarane Maia Birkeland og Monika Mørck vart utstillinga «Oldemor, bestemor, mor, meg» vist ved Format og Hordaland Kunstnarsenter. Verk frå utstillinga er kjøpt inn av Oslo kommune og Mørck har motteke pris for verk i utstillinga.

I 2021 hadde vi 55 ulike arrangement, foredrag, seminar og liknande. I tillegg vart det halde 6 konsertar.

MÅLGRUPPEARBEID

I strategiarbeidet definerte vi 5 målgrupper: den kunnskapssøkjande, familien, skulen, turisten og deltakaren på arrangement. Målet er å styrke posisjonen til museet, bli meir synlege og relevante for publikum. I dette arbeidet har vi sett nye mål og laga strategi for marknadsføring, heile tida med fokus på avdelingane sin eigenart og MUHO sine spydspissar. Framover skal vi arbeide med korleis vi best kan rette oss mot dei ulike målgruppene og brukarane sine behov. Målgruppearbeidet skal henge saman med eit strategisk arbeid for å auke inkludering og mangfald. Den siste sundagen i månaden har Tekstilindustrimuseet som eit inkluderande tiltak, hatt gratis inngang sidan august.

DIGITAL FORMIDLING

Vi har jobba med digital formidling med utgangspunkt i desse 5 punkta:

- Produksjon av ferdig innhald til sosiale media, som filmar, artiklar og illustrasjonar/bilete som vert publisert på digitale plattformer.
- Rammeverk for digital formidling form av oppdaterte heimesider, plan for publisering og ein strategi for kvar MUHO og dei ulike avdelingane skal vere aktørar.
- Tilgang til digitalt innhald for publikum som oppsøker avdelingane i og utanfor opningstid i form av lenker/QR-kodar i utstillingar og landskap, eller ved bruk av fastmonterte skjermar.
- Sending og direkte strøyming av ulike arrangement, foredrag, fagseminar, opning av utstillingar og liknande.
- Digitale undervisningstilbod til klassar.

I samarbeid med Glitch studios har vi utarbeidd prosjektskisse for digitalt og interaktivt undervisningsopplegg, med utgangspunkt i berekraftig matproduksjon på staeigne ressursar på Havrå. Til grunn ligg faktiske data frå Havrå.

Vi har gjennomført fleire felles digitale marknadsføringskampanjar for å nå ut til potensielle besøkande i regionen og tilreisande. Jamleg har vi publisert sakar om dei enkelte musea og arrangementa, både på Facebook og Instagram. Vi har jobba for å auke rekkevidda på Facebook og Instagram og har 11.251 følgjarar.

Tal på sidevisningar (samlingar, utstillingar og artiklar) på nett i 2021 var 56.065. Avspeling eller nedlasting av fagleg innhald i form av opptak/video var 1006.

Tala frå DigitaltMuseum viser 54.646 unike sidevisningar av MUHO sine samlingar, talet er omtrent som i 2020 med ei auka på litt under 1%.

Vi har laga fleire filmar med fokus på berekraft og kunnskap knytt til immateriell kulturarv i museet. Filmene er publisert på YouTube-kanalen vår. https://www.youtube.com/channel/UCjvUaEpHHOTVtcwEljAU_Uw/videos



Havrå – Hesjing i kulturlandskap



Havrå - Potettdyrking



Rotur med sjøvottar på Lyngheisenteret.



Kubesøk på Lygra

Publikasjoner:

Tittel: Coastal heathland vegetation is surprisingly resistant to experimental drought across successional stages and latitude

Forfatter(e): Siri Vatsø Haugum, Pål Thorvaldsen, Vigdis Vandvik og Liv Guri Velle

Publikasjonstype: Fagfelleurdert forskningsartikkel

Publiseringssted/kanal: Oikos, 130 (11): 2015-2027.

Utgiver: Wiley

Tittel: How resilient is *Calluna vulgaris* to drought during germination and its seedling stage?

Forfatter(e): Kristine Birkeli, Ragnhild Gya, Siri Vatsø Haugum, Liv Guri Velle og Vigdis Vandvik.

Publikasjonstype: Fagfelleurdert forskningsartikkel, registered report

Publiseringssted/kanal: Preprint

Utgiver: Authorea

Tittel: Land-use and climate impacts on drought resistance and resilience in coastal heathland ecosystems.

Forfatter(e): Siri Vatsø Haugum

Publikasjonstype: Doktorgradsavhandling

Publiseringssted/kanal: trykk og Bergen Open Research Archive

Utgiver: Skipnes Kommunikasjon / University of Bergen

Formalisert FoU-samarbeid og nettverksarbeid:

Nettverk for arbeiderkultur og arbeidslivshistorie

Nettverk for teknologi og industrihistorie

Nettverk for drakt og tekstil

Nettverk for minoriteter og kulturelt mangfold

Nettverk for kulturlandskap

Nettverk for tradisjonshåndverk og bygningsvern

Nordisk Kulturlandskapsforbund

Nettverk Nordhordland biosfæreområde

European Heathlands Network

Leiar av det nasjonale lyngheinetverket LyngNett

Regionalt nettverk for industriminne

Styrerepresentant i seksjon for Samlingsforvaltning,

Museumsforbundet

Styrerepresentant i SIKA (seksjon for samferdsel,

industri, kommunikasjon og anlegg),

Museumsforbundet

Styrerepresentant i Norsk Industriarv

9. Forsking

I arbeidet med å styrke dette feltet, har vi tilsett ein forskar med spesialkompetanse innanfor kystlynghei. Relevante brukarar er registrert i Cristin, med ein lokal superbrukar. Vi er prosjektpartner på prosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland». Dette er eit viktig arbeid for å vidareutvikle forskingskulturen vår og prosjektet opnar for tilgang til støtteordningar som vi vil nytte oss av i prosjektperioden. Vi har arbeidd med å kartlegge interne forskingsbehov og eksisterande og nye eksterne samarbeidspartnarar gjennom FoU-samarbeid.

Vi er òg partner i to andre treårige nasjonale utviklingsprosjekt gjennom museumsnettverka;

- «Bærekraftige energi- og industrinarrativer»
i regi av nettverk Teknologi- og industrihistorie
- «Samlingenes mange stemmer»
i regi av Mangfoldsnettverket.

I forskingsprosjektet «Lausarbeider og standardarbeider» i regi av nettverk for Arbeiderkultur, har vi levert vårt bidrag.

Innan tematikken kulturlandskapet og klimaendringar, er vi partner i ulike nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt, og har publisert fagfelleurdert forskningsartikkel i internasjonalt tidsskrift på nivå 2. Vi er òg medforfattarar i fagfelleurderte forskningsartiklar. Dette har styrka vår kunnskapsproduksjon, utvida kunnskapen om samlingane og tematikkane våre, og gir materiale til nye utstillingar. I samband med Bergen arkitektskule har vi starta opp dokumentasjonsarbeid på gjenbrukte bygningsdelar.

Prosjektet «Knutar på vandring» held fram og skal avsluttast i 2025. Det er ein del av det internasjonale forskingssamarbeidet «The Borgund Kaupang by Aalesund, Western Norway. Life and Death of a Small Town in the Periphery of Europe» initiert av UiB og støtta av Norsk forskningsråd. Delprosjektet har som mål å rekonstruere eit arkeologisk tekstilfragment frå Borgund kaupangen. Første del av prosjektet – produksjon av tråd – vart avslutta i haust og arbeidet med rekonstruksjon i veven starta opp i slutten av året.

10. Fornyning

Fylkestinget i Vestland vedtok i desember 2021 at det skal byggast nytt fellesmagasin for musea i Vestland. MUHO skal bidra i utviklinga av fellesmagasinet og fremje samarbeid mellom musea i Vestland. Internt har vi arbeidd med utvikling av leiargruppa og kompetanseheving innan arbeidsrettslege tema. Vi har laga eit system for kartlegging av kompetanse og starta opp eit prosjekt for å redusere sårbarheita i bemanninga og sikre kunnskapsoverføring. All utvikling i tråd med strategiplanen er organisert som prosjekt på tvers av avdelingane, noko som aukar samhandlinga. Vi har hatt samlingar der vi har jobba med organisasjonskultur og felles identitet.

For å styrke økonomien og auke handlingsrommet vårt, har vi inngått ny pensjonsavtale, laga ny plan for kapitalforvaltning

og eigeninntening med grunnlag i kjernekompetansen vår, inngått straumsikringsavtale, oppretta prosjekt for styrking av museumsbutikkane, laga ny marknadsføringsplan og auka samarbeid med andre museum om felles løysingar og tiltak.

Nytt IKT system kom på plass i starten av året. Vi har fått nye rapporteringsrutinar for besøk, digitalt museum, nettside og SOME, samt innan fagfelta.

Vi har styrka oss på det digitale feltet m.a. med bruk av QR-koder, produksjon av filmar og bruk ARCGIS for å lagre bygg og annan informasjon i digitalt kartlag. Det er ei målsetting at informasjonen i kartlaget vidare skal linkast til Primus bygg og Askeladden.



Bevaringstenestene på jobb for musea.



Fredagskveld i saloonen på Vestnorsk utvandringssenter



Nytt kyrkjetak og nymalt kyrkje

11. MUHO som samfunnsaktør

KLIMA OG MILJØ

Med forvaltingsansvar for 103 museumsbygg på 17000 m² og 3500 dekar kulturlandskap, ønsker vi å bidra til å redusere klimautslepp og miljøpåverknad. Systematisk arbeid på dette området vil også gi meir effektiv drift, og på sikt kostnadskutt. Etter ein omfattande prosess har vi blitt sertifisert som Miljøfyrtårn i 2021. Miljøfyrtårn-sertifiseringa har gitt oss verktøy for å gjennomføre effektive og lønsame miljøforbetringar innan områder som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Årlege handlingsplanar gjer arbeidet meir effektivt og systematisk. I 2021 har vi fått samla klima- og miljørapport og handlingsplanar for alle avdelingar.

Nokre av tiltaka som har vore gjennomført er: installasjon av varmepumpe, avfallssortering, innhenting av løysingar knytt til utbetring av ventilasjon og varme i fleire bygg og kartlegging av leverandørar. Denne satsinga skal gje auka fokus og haldningsendring kring klima og miljø internt i MUHO.

I 2021 har vi jobba systematisk med arbeidsmiljø i alle avdelingar, ved hjelp av STAMI sitt verktøy for arbeidsmiljø. Vi har prioritert å få til felles samlingar for å styrke det sosiale fellesskapet, og har fått gjennomført ein del treff til tross for at samfunnet har vore mykje stengt. Vi har gjennomført medarbeidersamtalar og medarbeidarundersøking.

ARBEID I MUSEUMSREGIONEN

Hovudaktiviteten til Kulturverntenesta i Nordhordland ligg innan feltet bygningsvern og speglar lokal aktivitet på dette feltet. Tenestene har også dette året vorte tilpassa dette behovet slik at både museums- og bygningsverntenesta fritt kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og nye Alver.

Det har vore dialogmøte med kommunane Alver, Fedje og Masfjorden. Kommunane har no vedtekne Kulturminneplanar som er eit godt og viktig verktøy for å planlegge samarbeid og prioritere oppgåver fordelt over heilt regionen. Dette året har det også vore ein dialog med Vaksdal kommune om evt. samarbeid kring museumssamlingane på Straume. Dette blir truleg avklart i 2022.

Museumstenesta: Database- og registreringsprogrammet Primus er gjort tilgjengeleg for historielag i regionen og det har vore rettleiing knytt til registreringsarbeid og utstillingsarbeid på Postmuseet på Feste, Lindås.

Bygningsvern: Det har vore normal aktivitet gjennom heile året, i tråd med måla om å gje fri rådgeving. Det gjeld saker som arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar og kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeide med søknadar. Det har også dette året vore mest aktivitet i dei kommunane som har kulturminneplanar og aktive kulturleiarar. I tillegg til dei ovanfor nemnde rådgevingstenestene tek Kulturverntenesta oppdrag med dendrokronologisk datering av bygningar. Oppdragsgjevar Vestland fylkeskommune, men også andre fylke og private har nytta seg av denne tenesta.

12. Mangfold og inkludering

Arbeid med mangfold og inkludering er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. I 2021 utarbeidde vi mangfaldsplakat i MUHO. Mangfaldsplakaten er ei sjekklister, samt eit verktøy og ein metode til å inkludere og vere i dialog med relevante grupper. Den er implementert i MUHO sin nye formidlingsplan. Målet med mangfaldsplakaten er å gjere alle tilsette bevisst på korleis vi kan arbeide med mangfold, og kvifor mangfold i alle ledd er viktig, både når vi rekrutterer personell og når vi vender oss mot publikum. Den gjeld også programmering med val av tema og utøvarar.

Som medlem av Mangfaldsnettverket er vi partnar i utviklingsprosjektet Samlingenes mange stemmer, som har fått midlar frå Kulturrådet. Vårt delprosjekt skal gå over 3 år og har tittelen Nye stemmer, samme samling.

I ei tid med avgrensa kontakt med publikum grunna Covid-19, har vi ikkje kunne vore like aktive i arbeidet med å inkludere t.d. demente eller publikum frå våre lokalsamfunn som kjem frå andre land. Mangfaldsarbeidet legg til rette for at fleire hjå oss kjem i dialog med interessegrupper, fagpersonell og pårørande. Desse kan vere viktige dørøpnarar, gi råd og kan dele av sine erfaringar når vi skal nå nye målgrupper. Vi har tilbudd gratis inngang på musea våre enkelte søndagar, gratis arrangement og gratis digitale utstillingsopningar.

Eit døme på korleis vi arbeidde målretta for å setje fokus på mangfold og relevans:

Tekstilindustrimuseet viste utstillinga «Ein blir ikkje vane med det» av Anne Tveit Knutsen. I utstillinga undersøkte kunstnaren korleis livet kan sjå ut for menneske som ikkje heilt, eller ikkje lenger, passar inn i A4-formatet. Kunstnaren tematiserte mangfold ved å undersøke sitt samarbeid og relasjonar med eit tvillingpar med Down's syndrom og deira familie. På sitt heilt unike vis klarte kunstnaren å vise oss kva for rikdom som kan kome inn i liva våre om me imøtekjem relasjonar med ope sinn, velvilje og tolmod, gjennom samvær og samtale. På den måten viste ho oss mangfaldet i relasjonar og korleis vi lever våre ulike og komplekse liv.

Dei tilsette i MUHO kjem frå 12 ulike land. Vi tilbyr norskopplæring i arbeidstida og har fokus på å ivareta og leggje til rette for at tilsette med andre tradisjonar og religiøse markeringar kan utføre desse. Det er viktig å vise respekt og toleranse. For å bli kjende med kvarandre på tvers av språk og bakgrunn, har vi hatt arrangement og turar med fokus på sosialt samvær. Vi har samarbeidd med NAV og lagt til rette for at menneske som skal teste ut si restarbeidsevne og ynskjer arbeidstrening, har fått gjort det hos oss.

FRIVILLIG ARBEID

Det frivillige arbeidet som vert utført ved fleire av musea våre er særst viktig. Dette arbeidet er knytt opp til fysiske møteplassar, og grunna pandemien har aktivitetsnivået i 2021 vore redusert.

Smittevernregimet har hatt konsekvensar for det frivillige nettverket kring musea. Det har likevel vore ein stor frivillig innsats knytt til museet gjennom dokumentasjonsarbeide i Åkleprosjektet og innsats i Osterøy museumslag og Arna sogelag. Den aktive veneforeininga til Vestnorsk utvandringssenter har jobba hardt med å rekruttere yngre generasjonar. Utan desse frivillige kreftene hadde det vore vanskeleg å halde eit høgt aktivitetsnivå.

Mangfaldsplakat

Vi ønsker mangfold

Mangfold er å vere relevante, tilgjengelege og representative for alle uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne, kulturell/sosial/økonomisk bakgrunn og geografi.

Metode
Dialog, medverking og representativitet

Resultat
Relevans – Berekraft – Samfunnsansvar

Bakgrunn

Tema mangfold og inkludering er viktige i vår tid, det går fram både av Museumsmeldinga og frå Kulturrådet.

I tilskotsbrev frå Kulturdepartementet er mangfold og inkludering nemt som eit område det etter kvart skal rapporterast og utarbeidast strategi for.

Styret i MUHO ønskte at vi skulle sjå nærare på korleis mangfold og inkludering er aktuelt for organisasjonen. Mangfaldsplakaten er eit verktøy som skal hjelpe oss å vere medvitne på og hugse at vi alltid skal ha mangfold og inkludering med oss i alt vi gjer i museet.

Metode

Metode: For å oppnå mangfold treng vi dialog med samarbeidspartar, interessegrupper og foreiningar som har innsikt i og representerer mangfaldet, slik at vi kan oppnå medverking og snakke saman, og ikkje om.

Ansvaret vårt: mangfold i alle ledd

Personell – Programmering – Publikum – Samling

Programmering – alt som har med program, formidling og utadretta verksemd, arrangement, utstillingar, konsertar, foredrag, digitalt innhald osv. Det vi velger ut.

Publikum – målgrupper og besøkande, fysisk og digitalt.

Personell – dei tilsette, vårt personale og kven vi velger som ekstern samarbeidspart.

Samling – retta innover, dvs dokumentasjon, nytt blikk på eksisterande samling, nytt tilfang eller revisjon av samling. Det vi velger ut for å ta vare på for ettertida.

M U H O MUSEUMSSENTERET I HORDALAND

13. Rekneskap 2021

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Resultatrekneskap 2021

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2021	2020
Offentlege tilskot		38 734 335	35 667 866
Andre inntekter		5 471 984	4 815 352
Sunn driftsinntekter		<u>44 206 319</u>	<u>40 483 218</u>
Varekostnad		841 340	533 054
Lønnskostnader m.m.	2	29 238 724	26 771 200
Avskrivning på driftsmidlar	3	391 528	220 677
Andre driftskostnader	2	12 994 424	10 767 359
Sunn driftskostnader		<u>43 466 015</u>	<u>38 292 290</u>
Driftsresultat		<u>740 304</u>	<u>2 190 928</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Andre renteinntekter		66 940	121 372
Andre finansinntekter		205 949	48 931
Andre rentekostnader	4	63 191	95 719
Resultat av finanspostar		209 698	74 584
Ordinært resultat før skattekostnad		950 002	2 265 512
Ordinært resultat		<u>950 002</u>	<u>2 265 512</u>
Årsresultat	5	<u>950 002</u>	<u>2 265 512</u>
Som vert nytta slik:			
Avsett til anna egenkapital		-950 002	-2 265 512
Netto		<u>950 002</u>	<u>2 265 512</u>

Side 2

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Balanse pr 31.12.2021

Eiga	Note	2021	2020
Anleggsmidlar			
Varge driftsmidlar	3	14 837 446	14 606 324
Museumstbyg	3	23 968	23 968
Veteranbåt	3	605 417	372 571
Inventar, bilar m.m		<u>15 466 831</u>	<u>15 002 863</u>
Sunn varige driftsmidlar			
Aksjar og fordringar			
Aksjar	6	120 000	120 000
Andre fordringar		842 243	1 231 631
Tilgode tilskot		7 242 141	3 316 514
Sunn aksjar og fordringar		<u>8 204 384</u>	<u>4 668 145</u>
Sunn anleggsmidlar		<u>23 671 214</u>	<u>19 671 008</u>
Omlaupsmidlar			
Lager av varer		<u>327 849</u>	<u>336 320</u>
Fordringar			
Kundefordringar		318 770	483 865
Andre fordringar		230 884	116 198
Sunn fordringar		<u>549 654</u>	<u>600 063</u>
Andre markedsbaserte finansstille instrumenter	7	4 000 000	0
Sunn investeringer		<u>4 000 000</u>	<u>0</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	8	18 159 583	21 023 853
Sunn omlaupsmidlar		<u>23 037 086</u>	<u>21 960 237</u>
Sunn eiga		<u>46 708 301</u>	<u>41 631 244</u>

Side 3

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Balanse pr 31.12.2021

Eigenkapital og gjeld	Note	2021	2020
Bunden eigenkapital			
Grunnkapital		7 660 715	7 660 715
Sum bunden kapital		<u>7 660 715</u>	<u>7 660 715</u>
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		15 807 852	14 857 850
Fri EK vedlikehold bygg		1 307 211	1 307 211
Sum opptent eigenkapital		<u>17 115 063</u>	<u>16 165 061</u>
Sum eigenkapital	5	<u>24 775 778</u>	<u>23 825 776</u>
Gjeld			
Langsiktig gjeld	4	1 313 194	1 363 525
Sum anna langsiktig gjeld		<u>1 313 194</u>	<u>1 363 525</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 852 413	1 138 886
Skuldige offentlege avgifter		2 083 620	1 666 976
Periodisert tilskot		546 748	546 748
Anna kortsiktig gjeld		16 136 548	13 089 333
Sum kortsiktig gjeld		<u>20 619 329</u>	<u>16 441 943</u>
Sum gjeld		<u>21 932 523</u>	<u>17 805 468</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>46 708 301</u>	<u>41 631 244</u>

Salhus, 25.02.2022

Sara Sekkingstad
Styreleiar

Geir Steinar Dale
Nestleiar

Tone Hellesund
Styremedlem

Frank Willy Djuvik
Styremedlem

Jorunn Tvedt
Styremedlem

Hanne Dale
Styremedlem

Elisabeth Herdla Halvorsen
Administrerande direktør

14. Revisjon 2021

For Stiftinga Museumssenteret i Hordaland
Org. Nr. 971 349 743



RSM Norge AS

Miltveit gate 3, 5700 Voss
Org.nr: 992 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00
F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Til styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Melding fra uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Me har revidert Stiftinga Museumssenteret i Hordaland sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr. 950 002. Årsrekneskapen er samansett av bilanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit sammandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er skildra nedanfor under *Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Me er uavhengige av selskapet slik del er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale uavhengighetsstandardane) utforma av The International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og me har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstinleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leitinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leitinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilisika.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leitinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Førsehøden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er særskilt avdekkning av verkefemda vill bli avvika.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som helleskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utisika feil, og å vgr ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høig grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utenfor samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilisika. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, alene eller samna, innanfor rimelige grenser kan forventast å påvirke økonomiske avgjender som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS is a member of the RSM network and is subject to the ISA-ane. RSM is the leading network used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices on its own terms. The RSM network is not held a separate legal entity in any jurisdiction.
RSM Norge AS er medlem av et medlem av den norske Revisjonsnettverket.



Melding fra uavhengig revisor 2021 for
Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

For vidare skiliding av revisor sine oppgaver og plikter viser me til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvalting

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlinger me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsopptred (ISAE) 3000, meiner me at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtekeleire elles.

Voss, 25.02.2022
RSM Norge AS

Harald Birkedal
Harald Birkedal
statsautorisert revisor

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2021

Museumssenteret i Hordaland vart det første konsoliderte museet i Hordaland ved samanslåinga av Norsk Trikotasjemuseum, Bevaringstenestene og Felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne i Bergen i 2004. I 2006 vart avdelinga Kulturverntenesta i Nordhordland oppretta. Frå 1. januar 2007 vart drifta av Osterøy museum, Havråtunet og også ein del av MuHo, medan Lyngheisenteret kom med frå 12. februar 2007. Vestnorsk utvandringssenter vart konsolidert inn 1. januar 2010. Det er også f.o.m. 1.1.2011 inngått samarbeidsavtale om drift av Ådnatun.

Museumssenteret i Hordaland har regionansvar for kommunane i Nordhordland, inkludert Osterøy og Vaksdal.

Føremål

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland.

1. Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3 – 3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

2. Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2021 var 5,45 %, ein nedgang frå 6,25 % i 2020 . Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2021.

3. Publikum

I 2021 har 15 945 personar besøkt museet sine avdelingar. Det er ein auke på 6 367 i høve til 2020.

4. Likestilling

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 52 faste tilsette i 41,73 årsverk. I tillegg var det 4 fast tilknytt MUHO i lengre vikariat eller prosjektstillingar. Nokre faste tilsette gjekk og i lengre vikariat i tillegg, og vikariat og prosjektstillingar utgjorde til saman om lag 2,7 årsverk. Totalt er 29,6 årsverk kvinner og 13,8 menn. I tillegg har vi hatt 30 sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 41,44 faktiske årsverk i 2021. Avviket i årsverk skuldast i hovudsak ein del tilsette i permisjonar og langtidssjukmelde som ikkje har vore (fullt) erstatta. Styret har 6 medlemmer der 3 er kvinner og 3 er menn.

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2021

5. Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra påverknad på det ytre miljøet.

6. Økonomi

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Museet sin økonomi er i balanse og rekneskapen for 2021 er gjort opp med eit overskot på kr 950 002. Rekneskapen er sett opp basert på fortsett drift.

Salhus, 25.02.2022

Styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Sara Sekkingstad
styreleiar

Geir Steinar Dale
nesteleiar

Frank Willy Djuvik
styremedlem

Jorunn Tvedt
styremedlem

Tone Hellesund
styremedlem

Hanne Dale
styremedlem

Elisabeth Halvorsen
direktør


17. Dette er MUHO



Bevaringstenestene er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Hordaland, og tilbyr kurs og praktisk arbeid innan førebyggjande konservering. Avdelinga har ansvar for eit fellesmagasin for prioriterte gjenstandar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga utgjer eit stort konserveringsfagleg miljø innan konservering av tekstilar, møblar og gjenstandar.



Tekstilindustrimuseet held til i det freda teknisk-industrielle kulturminnet Salhus Tricotagefabrik (1859–1989). I tillegg til vern og formidling av Salhus Tricotagefabrik har museet eit nasjonalt ansvar for å ta vare på historia til og forske på den norske tekstilindustrien. Museumsgjestane er lokale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høyre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og unike opplevingar.



Lyngheisenteret på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lyngheier haldne i hevd på autentisk vis. Lyngheiene er i dag ein utryddingstruga naturtype, og meir enn 80 % av lyngheiene i Europa har forsvunne dei siste 100 åra. Området er tilrettelagt for utvalde naturopplevingar, formidling, undervising og forskning.

Kulturverntenesta i Nordhordland skal hjelpe private eigarar og kommunane med spørsmål om forvaltning og formidling av verneverdige bygningar og kulturminne. Tenestene er gratis i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.



Vestnorsk utvandringssenter består av Emigrantkyrkja og Prærielandsbyen. Med utgangspunkt i bygningar flytta frå Amerika, formidlar vi korleis det var for norske emigrantar som innvandra til Amerika, samstundes som vi trekk parallellar til kulturmøte i vår tid med arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre innvandrarar som kjem til vårt land, har med seg delar av sin kultur og korleis dei tilpassar seg vårt samfunn.



Osterøy museum er eit av dei eldste folkemusea våre, med store kulturhistoriske samlingar. Arkiv, gjenstandar, foto og bygningar fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri, og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstadvev, bygningshandverk og treskoproduksjon.



Havrå er ein gard i drift. Det mat- og virkeproduserande landskapet har viktige kulturbiologiske verdiar som er sterkt truga. Forvaltingsmåla er å drive garden slik ein ser det i Havråfilmen frå 1949/50. Store delar av landskapet er i dag i ein restaureringsfase. Garden er freda som kulturminne, og er på lista over utvalde kulturlandskap. Det bur folk i tunet.



M U MUSEUMSENTERET
H O I HORDALAND

